UNIVERSITETET
I OSLO

Tjenestemannsorganisasjonene ved UiO

Dato: 06/03/2026
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2025/89859 AUDJS

Referat frå informasjons- og drøftingsmøte 03.02.2026

Tid og stad: 3. mars 2026 kl. 09.00 - 09.30, Fakultetsstyrerommet

Frå organisasjonane:

- Liv Tone Måseidvåg og Maren Ringstad - Forskarforbundet
- Silje Forsland - Akademikarane
- Lærke Ajaaja Madsen Otzen - NTL
- Matthew Rix Whiting - vara for lokalt hovudverneombod

Frå fakultetet:

- Gudleik Grimstad - fakultetsdirektør
- Anne Julie Semb - dekan
- Aud-Jorunn Sandal - referent

Ingen kommentar til innkallinga til møtet.

Drøftingssak

Sak 1 - Evaluering av partssamarbeidet 2025

Fakultetsdirektøren byrjar med å gå igjennom ein PP om Evaluering av partssamarbeidet 2025.

NTL ser at det er blitt mindre forseinka i utsending av sakspapira. Dei minner samstundes om at det også går an å sende ut sakene tidlegare, dvs. før fristen. Spesielt gjeld dette i saker der NTL gjerne skulle ha gjennomført eit medlemsmøte før saka skal opp i IDF, slik at dei kan få innspel frå medlemmane.
Dei meiner organisasjonane kom litt seint inn i oppussingssaka, men elles er dei nøgde med samarbeidet.

Forskarforbundet stiller spørsmål til opplæringa i partssamarbeid gitt at kursa ikkje er obligatorisk for leiarane. Korleis veit me at dei er kjent med partssamarbeidet og reglane kring

Det samfunnsvitskaplege fakultet
Fakultetsadministrasjonen ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet

Postadresse: Postboks 1084 Blindern 0317 OSLO
Besøksadresse: Moltke Moes vei 31, Eilert Sundts hus, 4. etg.
Tlf: 22 85 48 46
E-post: postmottak@sv.uio.no
http://www.sv.uio.no/om/organisasjon/adm/
Org.nr.: 971 035 854

medbestemmelse. Korleis bli dette følgt opp ute på einingane.
Fakultetsdirektøren seier at UiO jamleg held kurs i partssamarbeid, og partssamarbeidet er også gjentakande tema i dei ulike leiarmøta ein har ved fakultetet og ved UiO sentralt. Arbeidsgjevar kan prøve å bli flinkare å minne leiarane ute på einingane om dei har saker som bør drøftast med organisasjonane.

Forskarforbundet seier at samarbeidet og diskusjonsklimaet er godt i IDF. Sakspapira kjem ut tidlegare, og når det gjeld utreiinga av senterpolitikk har dette vore ei god sak frå byrjing til slutt. Vidare set dei pris på økonomiorienteringane om instituttbudsjetta med instituttleiarane om hausten.
Det dei ser på som ei potensiell utfordring framover er eit auka økonomisk press og at ein må gjere vanskelege prioriteringar. Det blir viktig med fortsatt godt samarbeid, og at organisasjonane blir kopla tidlegast mogeleg på. Ein oppmodar også arbeidsgjevar til å i større grad å bruka organisasjonane inn i saker, og syner t.d. til kva fakultetet har tenkt å gjera med sjukefråværet.
Fakultetsdirektøren seier ein ser på sjukefråværet, og då spesielt i gruppa stipendiatar. Ein vil koma attende til dette som ei I-sak i IDF-møtet 17. mars.

NTL ynsker seg fleire oppdateringar på dei store sakene, også mellom IDF-møta, gjerne på e-post.
Fakultetsdirektøren seier ein ikkje kjem til å byrja med dialog på e-post mellom møta. Ein ynskjer at sakene skal drøftast møta og at ein held diskusjonane der. Han syner også til at dei største sakene, som t.d. senterpolitikk ved SV, fekk ei eiga nettside der ein legg ut informasjon når det er nytt å melde. Vidare kjem SV-nytt ut ei gong i månaden på nettsida til fakultetet med aktuelle saker.

Fakultetsdirektøren oppsummerer evalueringa:

- Sakene blir sendt ut tidlegare, men når det gjeld økonomisakene er det vanskelegare då desse heile tida er i arbeid fram til vedtak vert fatta.
- Fakultetet har eiga nettside for IDF-møta som fungerer godt.
- Saker kjem ofte som I-sak før dei vert D-saker i IDF. Då vert organisasjonane tidleg kopla på og kan ha kontakt med medlemmane sine.
- Det er godt diskusjonsklima i IDF-møta.
- Fakultetet skal sjå nærare på økonomien til SAI. Det er nedsatt ei arbeidsgruppe der organisasjonane er invitert inn.
- Møtereferata frå IDF vert sendt ut til alle møtedeltakarane og blir justert etter innspel.
- OPA har kurs for leiarane i partssamarbeid og medbestemmelse, om enn ikkje obligatorisk.

- Framtidig involvering, syner her til sjukefråvær som vert I-sak i neste møte, og dei resterande sakene til IDF-møte 17. mars som også vart ramsa opp i den innleiande PP-presentasjonen.
- Forbetring: fange opp saker som oppstår ute på institutta, både I- og D-saker.

Sak 2 - Eventuelt

NTL ber om at når midlertidigheit skal drøftast i april, så blir det laga ein kommentert presentasjon som vert sendt ut før møtet.

Med helsing
Gudleik Grimstad
fakultetsdirektør

Aud Jorunn Sandal
seniorrådgjevar HR

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen underskrifter.